



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

E-mail: kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net
Telefon: 56 55 17 45 Mob. 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/03/19

Dato:
13. mars 2019

Innkalling til møte i Fellestrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Onsdag 27. mars kl 15.15

Sakliste:

- 07/19 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
- 08/19 Meldingar
- 09/19 Årsmelding for fellestrådet, 2018
- 10/19 Rekneskap og revisjon, fellestrådet, 2018
- 11/19 Ombygging av benkjer, Øystese
- 12/19 Ombygging av benkjer, Strandebarm
- 13/19 Tilsetjing av vikar for kyrkjeverje
- 14/19 Omdefinering av diakonstilling i prosjekt

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.
Mogeleg forfall kan meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL M Ø T T !

For Fellestrådet:

Hans Atle Soldal, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

Sak 07/19 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 16. jan 2019 vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

Sak 08/19 Meldingar

Framlegg til vedtak: Framlagde meldingar vert tekne til vitande.

- Pensjonert bonde Harald Kjosås har i ein del samanhengar i vinter vore leigd inn på timebasis for å hjelpa kyrkjegardsarbeidar Heine Ugletveit. Harald har i tillegg røynsle som maskinkøyrar, og er såleis brukande til det aller meste i dette arbeidet. Ettersom Harald er svoger til kyrkjevevje og gift med organist Margrete Lid Kjosås, er det naturleg at fellesrådet vert informerte om denne mogelege utgåva av kyrkjeleg nepotisme Vonlegvis er dette engasjementet innanfor folkeskikk og ansvarleg handlingsrom.
- Stolane i kyrkjelydssalen i Norheimsund skal få seg ein ansiktsløfting. Mange av dei har rakna i saumen bak på ryggen, etter nærkontakt med murvegg i rommet gjennom mange år. No sender me dei på reparasjon hjå Rolf Augestad i Øystese. Kyrkjeringane stiller opp med nær sagt heile finansieringa. Det er ikkje sut!
- Også i Strandebarm er gjevargleda stor. Her har fleire lag og organisasjonar respondert positivt på kyrkjevevja sitt brev om økonomisk handslag til ei kyrkjegardsvogn. Det har lenge vore sakna der ute. Avstandane på kyrkjebarden er store, og kistene ofte tunge. No kjøper me ei slik vogn også til Strandebarm. Takk for hjelpa, strandbermer!
- Det tilstundande soknerådsvalet er i rute. Nominasjonsnemnder i alle sokneråd er i sving, og alle sokn er tydelege på at dei ynskjer å forbli eigne sokn også i den komande soknerådsperioden.
- 12 gravminne har vorte godkjende sidan sist fellesrådsmøte.
- Status for namna minnelund ved Norheimsund kyrkje skrid heller sakte fram. Kyrkjevevja er invitert til eit seminar om kommuneplan, der dette vil vera eit av tema som skal belysast. Men situasjonen er stabil: sidan 2012 har talet på ledige graver i Vikøy kun gått ned med 6 stk, frå 445 til 439.

Sak 09/19 Årsmelding Kvam kyrkjelege fellesråd 2018

Å r s m e l d i n g 2018

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2018.

Kvam kyrkjelege fellesråd er eit samlande organ for alle sokna i Kvam. Fellesrådet er gjennom kyrkjelova gjeven arbeidsgjevvarfunksjon for alle kyrkjelege tilsette, bortsett frå

prestane. Fellesrådet sin funksjon er også å syta for drift og vedlikehald av alle kyrkjene i Kvam, samt leggja til rette for gode kyrkjelege tenester for alle. Kyrkjeleg fellesråd er også offentleg gravferdsforvaltning for alle innbyggjarar i heradet, uansett trussamfunn og livssyn. Det er Kvam herad som gjennom kyrkjelova er pålagt å syta for at fellesrådet får dei økonomiske rammer dei treng til naudsynt drift for å løysa desse oppgåvene.

Fellesrådet har i 2018 hatt fylgjande medlemmer:

1. Ingvill Sørheim,	Vikøy	
2. Odd Øygarden	Vikøy	nestleiar for 2018
3. Hans Atle Soldal,	Øystese	leiar for 2018
4. Oddvar Ulltang,	Øystese	
5. Olav Tombre,	Strandebarm	
6. Kristian Neteland	Strandebarm	
7. Ida Lindøe	Ålvik	
8. Eva Oppen	Ålvik	
9. Roar Strømme	Vikøy/Strandebarm	(geistleg repr.)
10. Heidi Sandven Botnen	Norheimsund	(heradet sin repr.)

Personlege vararepresentantar:

1. Astrid Helleve Fylkesnes	Vikøy	
2. Eimund Solsvik	Vikøy	
3. Kjell Arne Gjørn	Øystese	
4. Sidsel Linga	Øystese	
5. Brita Kolltveit	Strandebarm	
6. Siv Ljones	Strandebarm	
7. Ester Hauger	Ålvik	
8. Borghild Lygre	Ålvik	
9. Lars Arne Vik	Øystese/Ålvik	(geistleg repr)
10. Inger Karin Torvik	Norheimsund	(heradet sin vararepr.)

Kvam kyrkjelege fellesråd hadde i 2018 6 møte i samsvar med vedteken møteplan, og gjorde vedtak i 50 bokførte saker.

Kyrkjelege stillingar:

Nye arbeidstakarar dette året:

- Astrid Gjestvang, organist. Ho tok til som vikar i 1. august 2018, og har eit engasjement fram til 1. august 2019.
- Nils Gunnar Oma, vikar som kateket i tidsrommet 1. jan – 1. juni 2018.
- Daniel Gammelsæter, vikar som kateket i tidsrommet 1. august – 31. des 2018
- Lillian Hjartåker Fosse, tilsett som fast klokkar i Strandebarm frå 1. jan 2018.
- Ingvild Kvåle tilsett som fast klokkar i Ålvik 1. feb 2018.

Permisjonar:

- Margrete Lid Kjosås, organist, hadde permisjon frå 1. august 2017 til 1. august 2018.
- Sevi Asgarova, kantor, er ute i svangerskapspermisjon fram til 1. august 2019.

Medarbeidarar som har slutta i 2018:

- Halvard Laupsa slutta i arbeidet som kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 31. sept 2018.
- Torgeir Kinne Solsvik sitt vikariat som organist tok slutt 20.august 2018.
- Nancy Karine Sangolt sitt vikariat som organist tok slutt 1. august 2018.
- Vidar Stensletten Eik slutta i arbeidet som kyrkjetenar 31.des 2018
- Liv Hildegunn Lygre slutta i arbeidet som kyrkjetenar 31. des 2018

Ved utgangen av året hadde fellesrådet såleis 12 personar tilsett, med tilsaman 8,34 årsverk. Desse fordeler seg slik.

Olav Skeie Lid	kyrkjevevje/dagleg leiar	100	%
Daniel Gammelsæter	kateket	100	%
Astrid Gjestvang	organist	100	%
Margrete Lid Kjosås	organist	80	%
Monica S. Skogvoll	kyrkjetenar	80	%
Anne Kari Sørheim	sakshandsamar	60	%
Solveig Sangolt	kyrkjelydspedagog	70	%
Liv Hildegunn Lygre	kyrkjetenar	30	%
Vidar Stensletten Eik	kyrkjetenar	100	%
Heine Ugletveit	kyrkjegardsarbeidar	100	%
Lillian H. Fosse	klokkar	7	%
Ingvild Kvåle	klokkar	7	%

I Øystese og Vikøy sokn er det etablert klokkarteam, for å løysa desse lovpålagde stillingane. Lønsutgiftene har gått som tilskot til sokneråda i dei to bygdene.

Når det er trong for ekstra mannskap til graving i travle tider, leiger me inn gravehjelp frå Landbrukstenester Hordaland i Øystese. Desse har etter kvart stor kompetanse på dette, og er viktige brikker i det daglege puslespelet. Det er også vanskeleg å unngå å nemna Arvid Strømme sin innsats når status skal gjerast opp for 2018. Han er ofte nytta som vikar for kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

Det har vore eit år med svært mykje turn-over. Fleire stillingar har vore vakante over tid, med til dels stor bruk av innleigd korttidshjelp. Ikkje minst stillinga som kateket har vore utsett. Det er likevel grunn til å berømme dei mange som tok ein tørn i kortare eller lengre samanheng, og ikkje minst tilsette i andre stillingar som også gjekk inn og gjorde kateket-arbeid. Konfirmantarbeidet og trusopplæringsarbeidet vart gjennomført slik det skulle.

Det er likevel å vona at me no ser konturane av ein meir stabil arbeidsstokk i tida som kjem. Ny kateket er no tilsett, og dette gled me oss over kvar dag.

Fellesrådet vil takka tilsette og frivillige medarbeidar for den tenesta kvar av dei gjer. Vi vil også bera fram ei takk til dei som har slutta siste året for den tenesta dei har utført. Likeins vil vi ynskje dei nye medarbeidarane velkomne til samarbeid og spennande utfordringar i teneste for kyrkjelydane i Kvam.

Budsjettmidlar/Rekneskap:

Endeleg budsjett for 2018 var på kr 9 798 000,- der Kvam herad med sine 5 435 991,00,- er største bidragsytaren. Rekneskapen for 2018 viser eit negativt driftsresultat på kr **-279 806**, Endeleg resultat er kr, **- 354 443, -**

Det driftsmessige underskotet skuldast fleire ting: større vedlikehaldsarbeid er gjort dette året, måling av våpenhus i Strandebarm, måling av mønekjølar Strandebarm, innkjøp av naudsynt utstyr til kyrkjegardsarbeidar, - og framfor alt nytt varmesystem i Norheimsund kyrkje. Alt dette er utgiftsført på eit år, og underskotet i år var såleis både planlagt og venta. Likviditetsmessig går det greitt, det samla overskotet dei siste åra har gjort oss i stand til å takla eit år med underskot.

Generell streng budsjettdisiplin og ei nøktern linje i alt me har for oss er også godt verktøy i den økonomiske kvardagen.

Det er framleis slik at me stadig utset mange store vedlikehaldsprosjekt, lista over ynskete tiltak er lang og innhaldsrik, og budsjettstyringa er framleis stram. Men me kjenner ein slags kontroll i kvardagen, og veit at våre mange kyrkjer framstår som relativt godt vedlikehaldne. Fellesrådet kjenner ikkje til forhold som ikkje går fram av rekneskapen og balansen med noter. Det er heller ikkje etter rekneskapsåret sin utgang kome fram forhold som etter fellesrådet sitt syn har betydning for vurderinga av rekneskapen.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet blant dei tilsette i fellesrådet som godt.

Tilsette i fellesrådet har ikke vore utsette for ulukker eller skader i samband med utføringa av sitt arbeid.

Likestilling

Fellesrådet hadde ved årets utgang 12 tilsette, 8 kvinner og 4 menn. Arbeidstid og lønn er rettferdig fordelt mellom kjønna. Fellesrådet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral på alle område. Fellesrådet består av 10 personar, der 4 er kvinner, 6 er menn.

Ytre miljø

Fellesrådet driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet.

Kontroll og etisk standard

Fellesrådet arbeider kontinuerleg med å forbetra rutinar og kontroll for å ivareta den høge etiske standarden som vårt arbeid må ha. Me er betrudde store verdiar, og arbeider innanfor kjenslevare felt i livet. Me må syna oss tilliten verdig kvar einaste dag.

Kyrkjene:

- * Utgifter til oppvarming av kyrkjene utgjer ein vesentleg del av driftsutgiftene til fellesrådet. For tida kjøper vi straum frå Kvam kraftverk, og har også ein avtale med dei.
- * Vedlikehald: Fellesrådet vedtok i januar 2018 sin årlege vedlikehaldsplan, som me arbeider etter. Av store tiltak i 2018 må nemnast måling av våpenhus Strandebarm, nytt varmeanlegg Norheimsund, mykje nytt og nødvendig utstyr til kyrkjegardsarbeidar, ny videokanon i Norheimsund, måling av mønekjølar i Strandebarm.
- * Det planlagde bårehuset i Øystese vart ferdigstilt i 2018, etter mange års ventetid. Huset er vakkert og praktisk, og har fått mykje vellæte for arkitekturen.
- * Dei tilsette arbeidarane våre har også i år teke ein del mindre vedlikehald når tida tillet dette. Det er likevel eit klart ynskje om å styrkja vedlikehaldssida av kyrkjene med kompetent personell når det kjem til nye utlysingar hjå oss.

Kyrkjegardane:

- * I 2018 har fellesrådet hatt avtale om stell/vedlikehald av 170 private graver. Det praktiske arbeidet har kyrkjjetenarane utført ved fire av kyrkjegardane. Resten har vi fått utført etter kontrakt hjå firmaet Rusk og Rask.
- * Arbeidet med slått på kyrkjegardane har fellesrådet sytt for sjølve i 2018. Me kjøpte utstyr og tilsette folk til dette. Ordninga har fungert greitt, og vil verta vidareført i 2019, med små justeringar.
- * Det må framleis sikrast nok areal til framtidig utviding av kyrkjegardane i heradet. Me har no god oversikt over ledige graver, og me ser at bortsett frå i Vikøy, så har me tilstrekkeleg areal og ledige graver for mange tiår framover. I Vikøy erkjenner me at **i løpet av ein 10-årsperiode** må heradet byrja å regulera nytt areal til gravplass. Dette er avsett i kommuneplan vest for den nye gravplassen i Vikøy, men er ikkje opparbeidd.
- * Som eit ledd i arbeidet med å sikra gravplass for området Norheimsund/Vikøy/Steinsdalen, er det også sett i gang arbeid med å regulera inn namna minnelund ved kyrkja i Norheimsund.

- * Det er også utarbeidd ein plan for den samla gravferdsforvaltninga i Kvam herad. Denne vart vedteken av fellesrådet i 2016. Denne belyser både arealtrong, avgifts- og festeproblematikk, nye gravferdsreformer, nye gravminneskikkar, gravferder for andre religionar – og mykje anna.

Planarbeid / Mål:

- * Rekneskapstala viser eit resultasmessig underskot for 2018. Dette er på kr -354 443,36 .Dette var venta og planlagt. Store investeringar i fjor vart teke direkte i driftsbudsjettet. Den viktigaste – nytt varmesystem i Norheimsund kyrkje – vil føra til varige og store innsparingar årleg. Underskotet vart dekkja av fjorårets overskot – for å seia det enkelt.
- * Sokneråda sine lovpålagde oppgåver innan kyrkjelydsarbeid, undervisning, og kyrkjemusikk vart gjennomført som planlagt. Me arbeider etter vedteken trusopplæringsplan, og plan for kyrkjemusikk er under arbeid. Diakoniplan for kyrkja i Kvam vart utarbeidd og vedteken i 2018. Me arbeider no med å tilsetja diakon i prosjektstilling, noko midlar frå bispedømet har gjeve oss høve til.
- * Takka vere frivillig innsats og engasjement i kyrkjelydane har vi fått gjennomført mange og store viktige oppgåver utan at kostnaden vart belasta fellesrådet. ***Dei friviljuge i kyrkjelydane representerer ein enorm ressurs for fellerådet. Det er berre å bøya seg audmjukt i støvet.***

Arbeidsmiljø og trivselstiltak for dei tilsette vert teke på alvor. Me opplever at det er til dels stort press på mange av våre tilsette, noko oversikta over vikarengasjement viser. Det vert arbeidd konkret med det psykososiale miljøet på alle arbeidsplassane i kyrkja. Dette arbeidet vil framleis ha høg prioritet i tida som kjem.

Det er likevel eitt område det er viktig å peika på som sårbart: kyrkjegardsarbeidaren sine oppgåver. Her er det ikkje samsvar mellom dei ressursar me stiller til rådvelde, og dei arbeidsoppgåver og ansvar som kviler på vedkomande. Han utfører ei særdeles viktig teneste for storsamfunnet i til dels svært krevjande omgjevnader. Det er såleis eit heilt klart mål om å styrkja denne tenesta med meir ressursar, dersom fellesrådet framleis skal ha ansvar for gravferdsforvaltninga i heradet.

Norheimsund 14. mars 2019.

For Kyrkjeleg Fellesråd i Kvam:

Hans Atle Soldal
leiar

Olav Skeie Lid
kyrkjeverje og sekretær

Sak 10/19 Rekneskap for Kvam kyrkjelege fellestråd 2018

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellestråd godkjenner rekneskap og revisjon for driftsåret 2018 slik den ligg føre. Underskotet på kr -354 443,36 vert dekkja inn av disposisjonsfond.

Konto	Navn	Rekneskap 2018	Rekneskap 2017	Budsjett 2018
Løn og personal				
5010	Fast løn	4 456 508,50	4 206 286,00	4 320 000
5020	Løn vikarer	145 133,50	108 587,74	60 000
5030	Etterbetaling fastlønn	28 350,00	13 580,00	20 000
5050	Anna lønn, honorar	7 500,00	4 711,00	
5090	Feriepengar	552 841,38	519 414,44	528 000
5091	Feriepengar over 60 år	5 778,49	10 983,17	10 721
5210	Fri telefon	3 750,00	6 225,00	8 000
5250	Forsikringar OTP	683 834,00	524 454,00	500 000
5251	Gruppelivsforsikring	13 893,00	14 988,00	20 000
5252	Ulykkesforsikring	23 012,00	24 061,00	30 000
5292	Motkonto ulykkesforsikring	-18 452,00	-19 524,00	(30 000)
5295	Motkonto forsikringar OTP	-683 834,00	-524 454,00	(500 000)
5310	Trekkpliktig bilgodtgjersle	9 649,10	13 082,20	5 000
5330	Løn fellestråd/sokneråd/styrehonorar	23 796,00	25 748,00	40 000
5400	Arbeidsgjevaravgift	500 334,17	448 625,95	510 000
5401	Arbeidsgjevaravgift påløpt fp	59 213,32	56 221,97	57 104
5900	Gaver til ansatte	1 580,00		2 000
5920	Yrkesskadeforsikring	10 481,00	10 188,00	12 000
5945	Arb.gjevar del pensjonstilskot	712 326,80	590 982,30	493 272
5946	Diff innrapportert OTP		-20 589,00	
Sum løn og personal		6 535 695,26	6 013 571,77	6 086 097
Varer og tenester				
6100	Kontorrekvisita	18 322,24	18 750,26	40 000
6101	Litteratur, tidsskrifter, trykksaker	10 036,80	46 626,08	15 000
6112	Driftsrekvisita gravplassar	3 134,72	2 038,96	
6113	Driftsrekvisita kyrkjer	107 898,56	28 979,96	60 000
6114	Konfirmantarbeid	256 540,34	260 576,38	300 000
6122	Rekvisita gravplassar	5 032,41	115 553,48	
6123	Rekvisita kyrkjer	188 514,94	130 004,80	130 000
6125	Velferdstiltak, sos.kostnader	9 628,01	16 230,00	10 000
6130	Porto og bankgebyr	42 277,50	48 933,50	90 000
6132	Telefon, datakommunikasjon	48 726,35	50 209,28	50 000
6140	Annonser, kunngjering, info	119 967,80	24 865,00	25 000
6141	Trykking kyrkjebladet	132 020,00	104 116,00	90 000
6142	Blomar, gåver, helsingar	19 492,12	18 046,60	20 000
6150	Kurs og opplæring	5 725,02	27 656,64	35 000
6155	Reiseutgifter, opplæring			5 000
7100	Skyssgodtgjersle km-pengar	54 791,80	78 836,45	60 000
7101	Passasjerutlegg	408,00		
7104	Mopedgodtgjersle	448,00		
7105	Tilhengerutlegg		1 247,00	
6166	Arbeidsskle	5 185,00	4 036,60	6 000
7140	Reiseutgifter etter bilag	3 931,00	1 714,00	5 000
6174	Drivstoff bilar	25 543,92	13 840,82	15 000

6175	Vedlikehald biler	17 525,60	21 702,40	25 000
6176	Forsikring og årsavgift bil	14 912,00	11 550,00	12 000
6180	Straum	349 172,80	341 768,27	350 000
6185	Forsikring	189 677,00	190 121,00	200 000
6190	Husleige	2 850,00	6 775,00	8 000
6195	Kommunale avgifter	28 390,60	36 116,80	45 000
6196	Kontingentar	58 206,86	50 055,00	60 000
6197	Kopieringsavtaler, lisens data	77 126,56	76 192,95	85 000
6200	Kontorinventar, utstyr	12 324,00	49 688,00	30 000
6201	Edb/datautstyr	24 493,60	18 204,00	30 000
6202	Verktøy og reidskap	45 767,75	18 692,85	50 000
6220	Containerleige mm	40 809,90	60 058,40	80 000
6221	Leige, kjøp kontormaskiner	39 621,87	26 080,00	30 000
6230	Vedlikehald kyrkjebygg	154 763,75	167 290,53	350 000
6231	Vedlikehald gravplassar	76 760,46	178 698,10	80 000
6240	Serviceavtaler og reparasjonar	127 624,35	124 913,00	140 000
6241	Reparasjonar utstyr	30 284,60	7 210,40	10 000
6250	Materialer til vedlikehald	879,20		
6259	Materialer til stell graver	44 052,80	46 008,00	50 000
6265	Vakthold, alarmsystemer	19 000,00	18 000,00	25 000
6270	Rekneskap og revisjon	117 436,00	113 367,20	110 000
6271	Innleigd andre tenester	244 581,00	269 797,20	300 000
6272	Innleigd tenester gravstell	10 125,00	41 828,00	70 000
6273	Innleigd tenester kyrkjetenar	129 012,53	31 715,00	10 000
6780	Kjøp tenester fra utlande		5 570,00	
7790	Annan kostnad	15 445,63	3 230,81	
	Sum varer og tenester	2 928 468,39	2 906 894,72	3 106 000

Refusjonar (utgifter)

6300	Overføring til Nav			
6330	Overføring til kommunen			
6350	Refusjon til sokneråd	105 618,93	75 126,00	70 000
6351	Tilskot til urnegravferd		13 400,00	
6370	Refusjon til andre			10 000
6416	Inv.Nhs.kyrkjepark			
6429	Mva-komp. Drift	522 304,00	505 648,00	500 000
	Sum refusjonar og renteutgifter	627 922,93	594 174,00	580 000

Finanskostnader

6500	Rentekostnader	389,38	120,47	
6510	Avdrag på lån			
6520	KLP kapitalinnskudd	28 493,00	25 408,00	25 000
	Sum finanskostnader	28 882,38	25 528,47	25 000

Driftsutgifter

10 120 968,96 9 540 168,96 9 797 097

Inntekter

3000	Div inntekter, 25% mva	31 125,00	13 998,00	20 000
3010	Div inntekter, 25% mva			10 000
3020	Andre tenester, 25% mva			
3100	Salgsinnt. handelsvarer,	4 200,00	17 800,00	
3120	Dirigent-tenester, avg.fri	35 535,00	296 102,11	110 000

3600	Betaling ved kyrkjelege tenester		6 200,00	50 000
3602	Eigenbetaling			10 000
3603	Eigenbetaling - konfirmant	249 560,00	275 160,00	300 000
3610	Betaling av telefon, kopiering etc.	4 460,00	3 298,00	5 000
3611	Eigenbetaling - TOL	12 350,00	5 850,00	
3619	Annan inntekt	10 000,00	3 200,00	
3620	Stell av graver	231 608,16	224 383,20	220 000
3630	Gravfesteavgifter	680 166,60	737 950,00	650 000
3631	Leigeinntekter lokaler	138 155,00	123 033,00	130 000
3650	Inntekter Kyrkjebladet annonsar	39 000,00	40 500,00	50 000
	Sum inntekter	1 436 159,76	1 747 474,31	1 555 000

Refusjonar

3700	Refusjon løn frå kommunen			
3702	Refusjon løn frå Kirkerådet			
5800	Refusjon av sjukepengar	656 840,00	689 877,00	880 000
5801	Refusjon av sjukepengar	656 840,00	689 877,00	880 000
5802	Motkonto refusjon av sjukepengar	-656 840,00	-689 877,00	(880 000)
5830	Refusjon arbeidsmarkedtiltak	513 825,00	425 602,00	
3729	Refusjon mva-drift	522 304,00	505 648,00	500 000
3730	Refusjon frå kommunen			
3740	Refusjon frå andre fellestråd			10 000
3750	Refusjon frå sokneråd			90 000
3760	Refusjon andre	1 500,00	3 850,00	10 000
	Sum refusjonar	1 694 469,00	1 624 977,00	1 490 000

Tilskot og gåver frå andre

3800	Tilskot løn frå bispekontor	1 092 148,00	1 081 768,00	1 150 000
3801	Tilskot frå staten			
3802	Tilskot frå OVF	20 000,00		
3830	Tilskot frå kommunen	5 435 991,00	5 374 997,00	5 438 000
3850	Tilskot frå sokneråd			
3860	Gåver/kollektar konsertar			
3870	Gåver til Vikøy kyrkje			
3873	Gåver til Nhs.kyrkjepark	200,00		
3874	Gåver prosjekt "Cembalo"			
3875	Gåver kyrkje-/klokke Tørvikbygd			
3876	Gåver Lydanlegg Nhs kyrkje		15 000,00	
3877	Gåve kyrkjebladet	137 450,00	148 500,00	150 000
3879	Gåve til salmebøker			
3880	Gåver til Gravplassar			
	Sum tilskot og gåver frå andre	6 685 789,00	6 620 265,00	6 738 000

Finansinntekter

3900	Renteinntekter	24 745,00	38 672,00	15 000
7910	Bruk av lån			
	Sum finansinntekter	24 745,00	38 672,00	15 000

Driftsinntekter

	9 841 162,76	10 031 388,31	9 798 000
--	---------------------	----------------------	------------------

NETTO DRIFTS- OVER/UNDERSKOT

-279 806,20	491 219,35	903
--------------------	-------------------	------------

Avsetninger og avskrivninger

6530	Avsett disp.fond/reknesk.overskot			335 823
6550	Avsett Nhs.kyrkjepark	200,00	51,00	
6553	Avsett Vikøy kyrkje	1 915,00	1 750,00	
6554	Avsett prosjekt "Cembalo"			
6555	Avsett KRK/klokke T.bygd	145,00	131,00	
6556	Avsett Lydanlegg Nhs kyrkje		15 000,00	
6557	Avsett kyrkjebladet	176 452,00	148 502,00	
6559	Avsett salmebøker			
6560	Avsett Gravplassar	0,00	23 789,50	
6590	Avskrivningar	315 833,10	315 816,80	
	Sum avsetninger og avskrivningar	494 545,10	505 040,30	335 823

Bruk av fond og motkonto avskrivninger

3950	Bruk av fond Nhs.kyrkjepark			
3952	Bruk av fond Strb.kr.k.lydshus			
3953	Bruk av fond Vikøy kyrkje		-29 400,00	
3954	Bruk av fond "Cembalo"			
3955	Bruk av fond krk/klokke T.bygd			
3956	Bruk av fond Lydanlegg i Nhs		-13 516,46	
3957	Bruk av fond Kyrkjebladet	-144 535,00	-135 276,88	
3959	Bruk av fond salmebøker		- 500,00	
3960	Bruk av fond Gravplasser	- 16 888,00		
3961	Bruk av fond Nhs kyrkje	0,00		
3980	Bruk disp.fond/reknesk.underskot			
3990	Motpost avskrivningar	-315 833,10	-315 816,80	
	Sum bruk fond og avskrivninger	-477 256,10	-494 510,14	0

SUM AVSETNINGAR/BRUK FOND	17 289,00	10 530,16	335 823
----------------------------------	------------------	------------------	----------------

Resultat	-297 095,20	480 689,19	-334 919,69
----------	-------------	------------	-------------

Investeringsrekneskap

Utgifter

6411	Nybygg og nyanlegg (Øystese bårhus)	1 370 493,16	4 077 888,00	5 006 000
6414	Investering utstyr etc.	235 960,00		
6428	Mva-komp. Investering	409 168,00	1 019 005,50	1 251 500
6551	Avsett Øystese Bårhus	1 549 105,00	3 907 527,00	
	Sum investeringar	3 564 726,16	9 004 420,50	6 257 500,00

Inntekter/finansiering

3728	Refusjon mva-investering	409 168,00	1 019 005,00	1 251 500
3871	Gåver Øystese Bårhus	1 549 105,00	3 907 527,00	5 006 000
3951	Bruk av fond Øystese Bårhus	1 549 105,00	3 933 022,00	
3956	Bruk av fond Lydanlegg i Nhs			
	Sum finansiering	3 507 378,00	8 859 554,00	6 257 500,00

Udekket/udisponert	57 348,16	144 866,50	-
--------------------	-----------	------------	---

Meirforbruk investeringsrekneskap	57 348,16	144 866,50
-----------------------------------	-----------	------------

Udekket er finansiert slik:

Lån frå fond Vikøy kyrkje		
Delvis dekket av mva-komp 2018		170 361,50

Meirforbruk på investering 2018 foreslås dekket av disposisjonsfond

Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	-354 443,36	335 822,69
-------------------------------------	--------------------	------------

Sak 11/19 Ombygging av benkjer, Strandebarm kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner planar for ombygging av kyrkjebenkjer i Strandebarm kyrkje slik Strandebarm sokneråd har vedteke dei. Ombygging gjeld to benkjer på kvar side av kyrkja for å gje plass til rullestolbrukarar. Kyrkjeverja sender søknad til biskopen i Bjørgvin for endeleg godkjenning.

Strandebarm sokneråd ynskjer å tilretteleggja kyrkjerommet ytterlegare med tanke på universell tilgjenge. Rullestolar har i dag grei tilgjenge via rullestolrampe ved inngang. Inne i kyrkja er det likevel slik at rullestolbrukarar i dag må sitja i midtgangen, dersom dei ikkje vil sitja heilt bak i kyrkja under galleriet. Å sitja slik i midtgangen kan fort kjennast litt stigmatiserande og på utstilling. Soknerådet ynskjer difor å kutta av to benker på kvar side inn mot midtgangen, slik at det er god plass for ein rullestol på kvar side. Då vert rullestolane ståande inne i benkjeradene, og slik sett integrerte i forsamlinga.

Dette er eit tiltak som har vorte gjort i mange kyrkjer rundt i vårt land. Det grip litt inn i interiørarkitekturen i kyrkja – men ei samla vurdering tilseier at tiltaket likevel bør helsast velkome.

Sak 12/19 Ombygging av benkjer, Øystese kyrkje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner planar for ombygging av kyrkjebenkjer i Øystese kyrkje slik Øystese sokneråd har vedteke dei. Ombygging gjeld to benkjer på kvar side av kyrkja for å gje plass til rullestolbrukarar. Kyrkjeverja sender søknad til biskopen i Bjørgvin for endeleg godkjenning.

Øystese sokneråd ynskjer å tilretteleggja kyrkjerommet ytterlegare med tanke på universell tilgjenge. Rullestolar har i dag grei tilgjenge via rullestolrampe ved inngang. Inne i kyrkja er det likevel slik at rullestolbrukarar i dag må sitja i midtgangen, dersom dei ikkje vil sitja heilt bak i kyrkja under galleriet. Å sitja slik i midtgangen kan fort kjennast litt stigmatiserande og på utstilling. Soknerådet ynskjer difor å kutta av to benker på kvar side inn mot midtgangen, slik at det er god plass for ein rullestol på kvar side. Då vert rullestolane ståande inne i benkjeradene, og slik sett integrerte i forsamlinga.

Dette er eit tiltak som har vorte gjort i mange kyrkjer rundt i vårt land. Det grip litt inn i interiørarkitekturen i kyrkja – men ei samla vurdering tilseier at tiltaket likevel bør helsast velkome.

Sak 13/19 Tilsetjing av vikar for kyrkjeverje

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at vikariatet for kyrkjeverja ikkje vert lyst ut på nytt, men at Hans Soldal vert tilsett i denne stillinga i tidsrommet 1. august 2019 – 31. juli 2020. Kyrkjeverje Olav Skeie Lid og nestleiar Odd Øygarden får fullmakt til å utarbeida løns- og arbeidsavtale.

Dette er ei sak som har vore ute på røysting blant fellesrådet sine medlemmer på mail, og såleis berre ei stadfesting av det som det var allmenn semje om: me tilbyd Hans Soldal, - som i si tid også søkte dette vikariatet – stillinga som vikar for kyrkjeverja i det nemnde tidsrommet. Hans Soldal har allereie takka ja til dette. Varmt velkomen til han!

Det er naturleg at fellesrådsleiar Hans Atle Soldal vert permittert frå sitt verv i samband med vikariatet. Han ynskjer dette sjølv. Han er nærskyld til Hans Soldal, og vil unngå at det oppstår utfordringar med gildskap. Fellesrådet bør difor velja ein ny leiar ut denne valperioden i samband med at Hans Soldal tiltrer i stillinga 1. august.

Sak 14/19 Omdefinering av prosjektramme for diakon

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner at det 3-årige prosjektet med diakon til Kvam får ei meir fleksibel ramme, der prosjektida og stillingsstorleik kan variera med omvendt proporsjonalitet, slik at stillinga kan vera meir attraktiv for søkjarar.

Stillinga som diakon i 50% stilling i 3 år har vore lyst ut, utan at det melde seg søkjarar. I samråd med bispedømekontoret, vert det no arbeidd for å prøva om ei kortare prosjektstilling med større stillingsprosent kan vera meir attraktiv. Dersom dette fører fram, fører det til eit større press på gjvarteneste-biten som fellesrådet lyt koma opp med, - men den tid, den sorg. Førebels er giro i kyrkjebladet første steg i retning av av å stabla på beina kapital til denne tenesta. Ei meir forpliktande og aktiv gjevarteneste må til, dersom denne omdefineringa av stillinga og prosjektet fører til at nokon vert tilsett i prosjektstillinga.